

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Thomas Risnes
Risnes 70
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9079 - 20/26078

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
06.05.2020

Avvik - dårleg lok på slamavskiljar gbnr. 419/1, 32, 33, 36 Risnes

Tiltak: Miljøsak avvik slamavskiljar gbnr. 419/1, 32, 33, 36
Byggjestad: Gbnr: 419/1 Risnes
Tiltakshavar:

Alver kommune har 05.05.2020 motteke melding om loket på slamavskiljaren dykkar ikkje er i tilfredstillande stand.

I følgje plan- og bygningslova (pbl) § 28-6 første ledd skal basseng og brønn på eigedommen til ein kvar tid vere sikra slik at personar ikkje fell ned i dei. Kravet her gjeld for alle opne behaldarar for væske. Det er grunneigar som er ansvarleg for at anlegget er forsvarleg sikra, eventuelt leigar eller festar dersom det eksisterer eit leigeforhold som skal gjelde for meir enn to år, jf. pbl. § 28-6 andre ledd.

Lokket må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 30.05.2020

Retting må skje ved at slamavskiljaren vert sikra og at forsvarleg lokk vert monterert. Lokk på kum må vere tett og utført i solide materiale, samt vere utstyrt med forsvarleg lås eller anna stengsel, slik at det ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side. For å få utbetre eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent røyrleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføre arbeidet.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i pbl. §§ 32-3 og 32-2.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når lokket er reparert må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingsloven § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Marie Oddlaug Krogvik
Olav Helland
Rune Brakstad
Thomas Risnes

Åmundsleitet 20	5115	ULSET
Gymnasvegen 21	5200	OS
Øvre Krabbedalen 22	5178	LODDEFJORD
Risnes 70	5937	BØVÅGEN